# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2013 45. årg.





**Har familie i Syria**
side 4



**Her herja vikingane!**
side 6



**Ungdomsarbeidar**
side 5



**Bibelkveldar**
side 10

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 970 99 661
Diakon: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Diakon: Ingelin Nordbakken tlf 418 90 318
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:
Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase tlf 51 77 03 63

**Time**
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623
Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 77
Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 95 14 26 02

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Mariann Espeland tlf. 91 59 12 23

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no
Sokneprest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:
Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07
Undheim kapell tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no




Stein Ødegård

# Til ettertanke

## Haust med stor grøde?

Sommaren kom med varme. Sur vind heldt seg vekke. Me kunne sitja ute i lyse kveldar, til tider dyppa kroppen i havet, ta turar til fots og på sykkel, vera lettkledde utan å frysa, få eit lysare og varmare drag rundt dei tunge tinga i livet. Den gode sommaren er ei gåve. Takk, gode Gud, for alle ting!

Sommaren kom til menneskelivet, og han kom til bøndene på Jæren. Han kom godt. Han kom vel med. Det såg jo fælt ut då frost og tørke laga brunsvidde åkrar over heile Jæren i mars. Førsteslåtten vart den skralaste i manns minne for dei fleste. Mange måtte så i på nytt og berre håpa på ein god sommar. Heldigvis kom han. Varmt og godt, med nok regn. Takk for grøde som vart betre enn frykta!
Når sommaren hellar av og hausten kjem, er spørsmålet: Korleis blei grøda? I naturen. I menneskelivet. I kyrkja. I Guds rike.
Ein dag fortel Jesus disiplane sine at grøda er stor. Det ser godt ut med grøda! Viss det berre vert arbeidarar nok til å hausta inn.
Jesus har nok rett. Det var ikkje berre den gongen at grøda var stor. Ho er stor. For Jesus hadde ikkje for auga den heilt ekstraordinære situasjonen då alle sprang mann av huse for å møta sensasjonen Jesus frå Nasaret. Han hadde auga på noko djupare, noko som gjeld til alle tider. Han såg at folk «var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar». Så grøda var stor. Større enn dei som Jesus fekk nærkontakt med. Større enn dei som kom til tru og vart helbreda. Grøda var så stor som menneskehjarta som alltid vil bera på ein uro til det finn kvile hos han som har skapt det. Mennesket treng å høyra til og verta leia, akkurat som sauer til ein god gjetar, som ein bortkomen son til sin lengtande og elskande gode Far.
Det er så mykje som kan gjera oss forkomne og hjelpelause: Einsemd, tap, sorg, rop etter meining, det forgjengelege, skulda, skammen, angst, perfeksjonisme, døden, å finna identitet. Ingen kjenner på alt, men alle kjenner på noko. Det er derfor grøda i Guds rike er så uendeleg stor. Det er derfor Jesus utfordrar til å be hausten sin herre om å senda arbeidarar til å hausta inn. For dei som skal kunna hausta, må vera tett på. Dei bur i nabolaget, høyrer til i familien, er kollega på arbeidsplassen og drøser i garderoben.

Du som les dette, kjenner ein slik arbeidar i Guds rike. Bruk han eller ho til å få eit ekte møte med Jesus og kyrkja sitt fellesskap. Eller våg å tenkja deg som svaret på kyrkja si bønn om arbeidsfolk. Tenk deg som ein av nøklane til at den store grøda kan haustast. For me har alle nokre me er nærare enn andre. Nokre me kjenner og deler felles tillit med. Slik kan den store grøda haustast inn! For livet sitt mål er den gyldne hausten, ikkje berre den varme, lyse sommaren.

*Stein Ødegård*

# Min Salme

### Den fyrste song eg høyra fekk

*Den fyrste song eg høyra fekk,*
*var mor sin song ved vogga;*
*dei mjuke ord til hjarta gjekk,*
*dei kunne gråten stogga*

*Dei sulla meg så underleg,*
*så stilt og mjukt te sova;*
*dei synte meg ein fager veg,*
*opp frå vår vesle stova*

*Den vegen ser eg enno tidt,*
*når eg fær auga kvila;*
*der stend ein engel, smiler blidt,*
*som berre ei kan smila*

*Og når eg sliten trøytnar av*
*i strid mot alt som veilar;*
*eg høyrer stilt frå mor si grav,*
*den song som all ting heilar*

*Tekst: Per Sivle (1877)*
*Melodi: Lars Søraas (1909)*

*"...Det er etter Sivle me har dei finaste ord om mor."*



Bjørg Halvorsen

Heilt frå tidleg barndom, har denne songen vore spesiell for meg.Det er så fin samanheng med tekst og melodi, som er skriven av Lars Søraas. Historia er så utruleg gripande.
Eg har alltid likt å syngja, både i musikklag og i kor. Men det er dei siste åra den er med i notemappa til blandakoret "Jærklang". Eg trur at dei fleste har eit forhold til denne songen, den vert sungen i sorg og i gleda. Det er etter Sivle me har dei finaste ord om mor.

Det var inga glede i den vesle stova då Per Sivle kom til verda den 6. april 1857. Det var uekte born tvillinggutane Susanna Ryum fødte. Jordmora klarte å få liv berre i den eine. Skamma over å få barn utanfor ekteskap var stor i den tida. Susanna hadde prøvd å ta livet sitt, og det sjølv om faren til barna, Eirik Sivle, stod ved farskapet. Dei gifta seg etter kvart. To tvillingpar til fekk ho, kvinna som alle tykte så godt om. Men før Per fylte tre år, døydde ho i barselseng. Ho vart gravlagd på Oppheim kyrkjegard saman med sine fem dødfødde søner. Heile livet var Per Sivle prega av dette saknet. Han fortalde sjølv at han hugsa henne som eit ljos. Og han skreiv ein fin song til hennar minne.

Me kan vel alle hugsa frå vår barndom, og seinare som foreldre, kor gråten stilna av song ved leggetid. Og i full vissa om at englane passa på oss.

Sivle ville gjerne studera til prest, men vart sjuk og fekk forbod mot å lesa. Han vart seinare gift og fekk ei dotter. Men livet hans vart mykje prega av sjukdom, alkohol og av mangel på pengar. Han tok seinare livet sitt berre 47 år gamal. Dette er ein trist slutt, men vi har fått ein songskatt som lever vidare gjennom generasjonar.

*Bjørg Halvorsen*




**Gi til NMS – få skattefradrag!**
Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Vil du gi en gave til Normisjon?**
normisjon
**Kontonr: 1503.02.13537**
Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.
**www.normisjon.no**


*Foto framside: Moderne "raga" av Knut Aalgaard. Ingve Reime samler høy på Slettene, Undheim*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net og må vera oss i hende innan 31. oktober
Neste nr. kjem ut ca. 19. november 2013.

# Har nær familie i krigsramma Syria



Mohamad Osman, nær heimen sin på Lye

**Lyebuen Mohamad Osman kjem frå ein kurdisk familie nord i Syria. Han er fortvila over borgarkrigen som herjar. Sjølv har han budd lenger i Norge enn i Syria. Men mora og ein bror bur i området.**

- Det som skjer er heilt forferdeleg. Folk som vil leva i fred, blir herja med av dei to hovedpartane i konflikten, fortel han i samtale med Helgedagen.

Enn så lenge har han hatt kontakt på telefon med sine næraste som bur i eit kurdisk område ved Aleppo. Ein by som har vore under langvarig bombardement. –Innbyggjarane er ikkje nødvendigvis tilhengarar av den eine eller andre parten, men blir brikker i det dødelege spelet.

*- Kva dreier krigen seg eigentleg om?*
Det er jo regjeringa mot opprørarane som vil velte regjeringa. Men saka er kompleks både politisk og økonomisk så det ikkje er muleg å gje ei rask framstilling. Langt på veg har det utvikla seg til å bli ein "stedfortreder-krig". Regionale og andre internasjonale interesser er meir og meir involvert i partane. Opprørarane er i hovedak sunnimuslimske. President Assad får støtte frå blant anna sjiastyrte Iran og shiamuslimar i Hizbollah-geriljaen i Libanon.

*- Det store skismaet mellom sunni- og sjiamuslimer pregar altså denne krigen?*
Ja, i stor grad. I tillegg er det mange politiske og økonomiske interesser. Og land som støttar ein av partane, som Russland (støtter president Assad) og vestlege land (vurderer våpenhjelp til opprørarane), kjem på kvar si side i denne sekteriske konflikten.

*- Fredsdiplomatiet har vore og er hjelpelause?*
Ja, og jo verre situasjonen blir, desto svakare står fredsdiplomatiet. Slik er det når viktige land sjølv har interesser.

*- Kva vil du sei om dei kristne sin situasjon?*
Den er svært vanskeleg. Mange uskuldige er drepne eller jaga på flukt. På ein måte kan situasjonen deira samanliknast med kurdarane. Dei vil leva i fred, men blir ufrivilleg offer i denne konflikten.

Mohamad Osman framstår som ein svært kunnskapsrik person som det er interessant å prata med. Lågmælt, tydeleg og med klare meiningar. Han er utdanna på Universitetet i Damaskus med hovedfag i kjemi og farmasi. Arbeid og studiar har han hatt i land som Japan, USA og England. Si norske kone trefte han i Italia, og dette førte han til Norge i 1985. Han var tilsett i Statoil og seinare i Hydro før han slo seg til ro i nåverande jobb som førsteamanuensis ved Universitetet i Stavanger.

*- Korleis opplever du desse negative nyheitene?*
Det er heilt forferdeleg. Folket blir terrorisert. Landet er totalt øydelagt. Landsbyar er brent ned. Svært stor del av bygningar er lagde i grus. Den humanitære katastrofen er ufatteleg. Det som skjer er det motsette av kristne verdiar med kjærleik og fred. Det som skjer, byggjer på hat. I staden for å snakka saman drep dei kvarandre.

*RT*

*Denne samtalen vart gjennomført medio august.*

# Fekk løftet: «Gud er alltid med deg!»



*Mariann Espeland*
*- ny ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus*

**Mariann Espeland tok til som ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus frå 1. august. Ho skal jobba 50 % og driva Fredagskvelden for ungdommane på Lye medan ungdomsprest Ole Tørring har permisjon i eitt år.**

Mariann Espeland (20 år), f. Bjånes, er oppvaksen på Lye, men bur no på Bryne. Ho er andreårsstudent på vernepleiarstudiet og er gift med Kristoffer frå Gilja. No har ho gledd seg til å begynna som ungdomsarbeidar på Lye.

*- Kjenner du til ungdomsarbeidet på Lye, Mariann?*
- Ja, eg har sjølv vore med på det meste på Lye, alt frå Søndagsskulen og JuniorKro, til Laget, KRIK og Fredagskvelden. Eg har òg vore leiar i Søndagsskulen og på Fredagskvelden. I tillegg har eg drive lovsongsarbeid. Så eg trur eg kjenner godt til ungdomsarbeidet på Lye!
Seier Mariann og smiler. Før ho begynte på vernepleiarstudiet, gjekk ho på Tryggheim. Der fekk ho mange vener, så då vart det litt mindre tid til å vera engasjert på Lye for ei stund. Men siste året har Mariann og mannen vore med som frivillige i lovsongsarbeid saman med ungdomane på Lye, og dei har vore leiarar på weekend på Stavtjørn.

*- Kvifor begynner du no som ungdomsarbeidar?*
- Eg og mannen min, Kristoffer, hadde lenge tenkt på å engasjera oss i ungdomsarbeidet på Lye. Me såg at det var mange unge, og at ungdomspresten ikkje hadde så mange vaksne som var med og hjelpte han. Me ønska derfor å bidra litt.

*- Du fekk ein telefon på forsommaren. Kven var det som ringte?*
- Gunnar, presten, ringte. Han spurte om eg ville ta utfordinga å vera vikar i ungdomsarbeidet medan Ole Tørring skulle ha permisjon.

*- Kva tenkte du då?*
- Det første eg tenkte, var: Tør eg dette? Blir det for mykje for meg? Eg hadde jo ikkje tenkt å jobba så mykje som 50 % med ungdomsarbeid. Samtidig visste eg at dette var eit kjekt arbeid som eg alltid hadde hatt lyst til. Kvelden før eg skulle gi eit svar, hugsar eg at eg ba til Gud om han ikkje kunne visa meg heilt konkret kva eg skulle svara.

*- Gjorde han det?*
- Dagen etter fekk eg føre meg at eg skulle rydda litt i veska mi. Der fann eg ein lapp som Kristoffer hadde fått under forbønn for eit halvt år sidan. Der stod det: «Gud er alltid med deg, uansett kva val du tar. Sjølv om du står på ein klippe, stiller han alltid opp og er der!» Det tolka eg som eit svar på at eg skulle ta imot utfordringa!

*- Kva tenkjer du no, når du er i gang?*
- Dette er noko veldig spennande eg får vera med på. Det er mykje nytt for meg, men noko er kjend og gamalt òg. Det blir både utfordrande og spennande!
Mariann smiler igjen, og viser at ho verkeleg gler seg. Ho likar å vera med ungdommane. Ho likar å ha system på ting, og ho likar ikkje rot. Fingrane nærast kriblar etter å ta fatt.

Ho bør få ein fast plass på bønelistene rundt omkring i heimane dette året!

*Sigurd Idland*

# Iona - den heilage øya vest i Skottland



Klosteret på Iona

> Vår Gud og Far, folkenes og historiens Herre:
> På vegne av vårt land og vårt folk ber vi om tilgivelse for det våre forfedre har utført på dette stedet.

**Snorre fortel at Magnus Berrføtt var her. Då kalla dei øya Ikolmkill. Kong Magnus var ute i fredeleg ærend her. Tidlegare, allereie i 795, vart øya herja av vikingar. Gong på gong kom dei, rana og drap. I 806 vart 68 munkar drepne av vikingar i Martyrs´ Bay.**

Sterkt for oss Gann-reisande å vera på denne martyr-stranda i sommar og ta del i tilgjevingsbøna, leia av Harald Olsen:
*- Vår Gud og Far, folkenes og historiens Herre:*
*På vegne av vårt land og vårt folk ber vi om tilgivelse for det våre forfedre har utført på dette stedet.*
*Vi ber også om nåde og tilgivelse for alle de overgrep som i århundrenes løp har skjedd i din kirkes navn.*
*Herre, vi ber deg!*
*Kyrie eleison*
Denne vesle øya var det Columba, ein irsk munk av høg byrd, kom til i 563. Det vesle følgjet slo seg til her, og gjennom århundra utvikla det seg til å bli eit åndeleg kraftsentrum. Dei blei moderkloster for ein stor klosterfamilie. Munkar vart utsende til einsame utpostar, og Iona vart ein viktig valfartsstad. Medan Columba levde, kom mange hit for å få andeleg rettleiing av han. Iona var ikkje berre eit religiøst sentrum, men hadde også eit kunstnarleg og kulturelt miljø med stor påverknad. I skrivestova ved klosteret her vart det skrive av flotte handskrifter på kalveskinn.Det gjekk med 25-80 kalveskinn til eitt manuskript! Den mest kjende bibelavskrifta herifrå, påbegynt på 800-talet, Book of Kells, inneheld dei tre første evangelia og deler av Johannes-evangeliet. Underskrivne har ikkje sett origanalane, men fotografia frå boka gjer inntrykk!
Klosteret her var ikkje berre leiande innanfor tekst- og skriveproduksjon, men også innan metallkunst og, ikkje minst, steinkunst. Dei vart læremeistrar i utforminga av dei karakteristiske keltiske høgkrossane. På Iona vart ørkenfedrane sine ideal om eit enkelt, asketisk liv med djuptenking kombinert med kunstnarleg utfalding.
Mange keltiske krossar, mellom anna Njærheimsteinen frå Hå med keltisk ringkross, nå i Nærbø nye kyrkje,viser at påverknaden vestfrå kom tidleg til vårt område. Langs vestlandskysten står høgkrossane og markerer heilage stader, som til dømes på Kvitsøy og i Eivindvik i Sogn. Frå Jæren til Møre har me over 60 reiste steinkrossar. Keltiske krossar frå kristningstida på Vestlandet viser at vår landsdel hadde tidleg kontakt med keltisk kyrkjeliv der vest.



Bøn om tilgjeving i Martyrs´ Bay

I den keltisk-kristne tradisjonen hadde dei ei førestilling om at heilage stader hadde ein spesiell atmosfære, identitet eller kvalitet. Dei brukte å omtala dei som "tynne stader". Grensa mellom denne verda og den guddommelege såg dei på som ei hinne eller ein membran. På heilage stader var denne hinna ekstra tynn, og her kunne ein då lettare få tilgang til den guddommelege verda. Mange ser på Iona som ein slik stad. Det var i alle fall ei fin oppleving å få komma dit. Me treng slike heilage pustehol – nær Gud!

(Les gjerne Harald Olsen: Havets pilegrimer!)

*Tekst og bilete: LH*




*Nokre av dei tidlegaste bileta av jomfru Maria og barnet kjem frå Iona. Dette motivet frå "Book of Kells" liknar på utsmykkinga midt i St. Martin-krossen, og har truleg same opphav*






*Njærheimsteinen med keltisk kross syner arven vår frå vest.*
*Sjå originalen i den nye Nærbø-kyrkja!*



*St. Martin-krossen på Iona har stått her i 1200 år*

# Lyekonfirmantene



*Her er navnene på de nye Lye-konformantene: Andreas Fosse Hansen, Ola Sæbø, Bjarne Aarsland, Thorvald Sandsmark, Maren Osaland Sele, Emilie Åsen, Christoffer Hansen, Sverre Frantzen, Gustav Fosse Hansen, Marita Høyland Husebø, Erik Saurdal, Julie Slora Fotland, Adrian Serigstad, Erika Run Sigurdardottir, Vilde Evensen og Geir Atle Apeland. Kristoffer Harestad, Morten Tjensvoll Kulleseid, Emilie Skretting Vignes og Ida Lervik. De fire som er nevt sist er ikke med på bildet.*

**De fleste av de 20 konfirmantene fra Lyefjell var til stede under gudstjenesten 1. september på Lye forsamlingshus. De har nettopp startet konfirmasjonstiden, og skal konfirmeres våren 2014.**



*Første konfirmant som fikk Bibelen av kateket Ingfrid Time Nærland var Sverre Frantzen. Til ventre skimtes sokneprest Gunnar Frøyland. De andre konfirmantene står og venter på tur.*



*Marita Høyland Husebø får Bibelen av kateketen. Til sammen 16 av de 20 konfirmantene var til stede under gudstjenesten. Noen av dem ser vi i bakgrunnen.*

*Tekst og bilder: DHF*

# Utviding av Undheim gravplass




*Plan: Landskapsarkitekt Arstrid Norland*

**Kommunestyret i Time vedtok i møtet den 24.4.2012 kjøp av grunn og innarbeiding av kostnader til opp-arbeiding av gravplassen på Undheim i perioden 2013-2016**

**Helgedagen tok ein prat med Tor Aase for å høyra kva som har skjedd sidan vedtaket i kommunestyret vart fatta.**

*Planane med utviding av kykjegarden på Undheim har ein arbeidd med i mange år?*
Ja, det stemmer, det. Utfordringa har vore å få til avtale med grunn-eigaren, men no er me svært så takksame til Preben Undheim og dei politiske leiarane i Time kommune som fekk i stand avtalen. Og det er på høg tid. I dag er det berre 13 ledige graver att på Undheim gravplass.

*Kva har skjedd sidan vedtaket i kommunestyret?*
Det vart straks sett ned eit utval med representantar frå Time kommune og Time kyrkjelege fellesråd. Arkitekt og konsulentar vart engasjerte og har arbeidd fram planen. Me har hatt eit utruleg godt samarbeid i utvalet, og eg meiner me har funne løysingar som er gode og framtidsretta!

*Kan du kort seia noko om innhaldet i planen?*
Gravplassen vert utvida mot nordvest med ca.3,5 da. Det vil verta plass til 280 graver, og det skal vera nok til bruk i minst 30 år. Den nye delen av gravplassen vert på same terrenghøgde som dagens gravplass. Granhekken vert fjerna, og det vert etablert nytt vegsystem. Gravplassen vert bygt etter dagens krav til gravstorleik, dokumentasjon og oppmåling. I tillegg vert det no etablert nytt avfallshandteringssystem.

*Kva med framdrifta i prosjektet?*
Prosjektet har no vore ute på tilbod, og det var 6 firma som melde si interesse. Entreprenør er valt, og arbeidet vil verta sett i gang så snart alle godkjenningar er på plass. Ein reknar med 10 vekers arbeidstid før alt er ferdig, så til våren 2014 kan me sjå fram til grøn plen og planter på den nye delen av gravplassen på Undheim.

Tor Aase fortel og at det same utvalet er i startfasen med planane for utvidinga av gravplassen på Time.
Dette vil Helgedagen koma tilbake til utpå nyåret!

*AV*

# Apostelgjerningane og oss

## - Bibelkveldar Hausten 2013 Bryne kyrkje



**- Apostelgjerningane er boka om dei første kristne sin tøffe og utfordrande situasjon. Boka byr på ein visjon eller eit program. Kva er det – og kva vil Lukas gjennom det han skriv? Dette og mykje meir vil me koma inn på under desse kveldane. Og me vil heile tida prøva å sjå oss sjå oss sjølv og vår situasjon i lys av dette**



Jens Olav Mæland

Denne hausten planlegg Bryne sokneråd å ha 4 bibelkveldar i kyrkja(viser til annonse). Helgedagen har teke ein prat med Jens Olav Mæland, som saman med Kjell Ragnar Thu og Brit Frøyland har planlagt og står for gjennomføringa av programmet.

*- Kvifor Bibelkveldar i Brynekyrkja, Jens Olav Mæland?*
Fordi det trengs! Den kristne kunnskapen er minkande i folket vårt, og kyrkja kan ikkje leva med eit så stort kunnskapsunderskot over lang tid før ho tek skade. Me må ha eit vaksenopplæringstilbod i kyrkja parallelt med trusopplæringa for born og unge. Den kristne trusarven er i ferd med å forvitre i folket vårt, og derfor ønskjer me å opna kyrkja desse tysdagskveldane for å gje eit gløtt inn i Apostelgjerningane.

*- Kvifor har de valt Apostelgjerningane?*
Jau, fordi den boka er veldig aktuell. Ho er som ein spegel for oss og den tida me lever i. Legen Lukas som skreiv Apostelgjerningane, stod i mykje av dei same utfordringane som me gjer i dag – der ulike kulturar og religionar kjempar side om side. Me ønskjer å visa at det kan vera mykje å læra av det Lukas skildrar i Apostelgjerningane – korleis den kristne bodskapen finn vegen inn i ein pluralistisk kultur, - ja, sigra over samtida sine tankebygningar.

*- Kva vert opplegget desse kveldane?*
Me legg opp til å ha ein dobbeltime med ei matøkt mellom. Det blir også høve til spørsmål, og me har henta inn folk som har arbeidd med stoffet og har innsikt i dette. Det beste vil vera viss folk melder seg på i førevegen, men me er opne for at ein berre stikk innom! Velkommen til alle som ønskjer meir innblikk i kva trua dreier seg om, og korleis ho kan møta ein tøff og utfordrande situasjon!

*AV*

**Stad: Bryne kyrkje, peisestova**
**Tid: 19.00 - 21.15, Tysdagar: 1/10, 15/10, 29/10 og 12/11**

Undervisning: To undervisningstimar kvar kveld, med kaffi/te-pause mellom.
Det blir høve til spørsmål/samtale.

*Sjå neste side!*





## Bibelkveldane i Bryne kyrkje:

*Sjå førre side!*

**01. okt:**
Kl 19.00 Jens Olav Mæland: Innføringsspørsmål. Kva ville Lukas med denne boka? Kva er det som gjer Apostelgjerningane aktuell for oss?
Kl 20.10 Hans Austnaberg:Det kristne fellesskap i Urkyrkja; kva var spesielt? Fokus på kap 1-4.

Påmelding til Kyrkjekontoret, tlf.51770377.
E-post: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no .
Det er også høve til å bli med på einskildkveldar.
Betaling: kr 50,- per kveld.
Undervisningsmateriale blir utdelt undervegs.

***Ønske: Bibelgrupper og/eller foreningar kan leggja sine samlingar til desse kveldane !?***

**15. okt:**
Kl 19.00 J. O. Mæland: Framgang under motstand; kva var løyndomen ved dei første kristne sitt liv? Fokus på kap 6-7.
Kl 20.10 Jan Roald Dahlstrøm: Paulus' omvending – ein skjebnesvanger revolusjon? Fokus på kap 8-9.

**29. okt:**
Kl 19.00 J. O. Mæland: Første misjonsreise – eit møte med hellenistisk heidenskap. Kap 13-14.
Kl 20.10 Ingolv Gjedrem: Paulus sine misjonstaler. Var dei spesielle, eventuelt relevante?

**12. nov:**
Kl 19.00 Ragnar Skottene: Paulus på torget i Athen; Areopagos- talen – eit meisterstykke i trusforsvar!?
Kl 20.10 Samtale om kveldens tema.
Kl 20.30: Oppsummering og evaluering.

# Torsdags-Treff

## i Bryne kyrkje
## Hausten 2013



**Målgruppe: Pluss/minus 60**
*Tid og stad:*
**Klokka 14.30-16.30**
**19. sep, 17. okt, 21. nov. og 12. des.**
Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.
*Kva me vil:*
At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!
*Korleis me skal ha det:*
"Kultur"-innslag (eit tema)
Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.
Matøkt – og drøs
Andakt

| | |
|---|---|
| 19. sep | **Knut Aalgaard:**<br>«Dramatisk heimreise frå Kina»<br>Songstund og matøkt.<br>Andakt. |
| 17. okt | **Erling Mæland:**<br>«Opplevingar frå teneste i Frelsesarméen»<br>Songstund og matøkt.<br>Andakt. |
| 21. nov | **Olav Lindal:**<br>«Julefeiring der eg vaks opp».<br>Sangstund og matøkt<br>Andakt. |
| 12. des | **Else Marie Bue:**<br>"Jul i tre verdsdelar".<br>Me syng kjente og kjære advents- og julesongar.<br>Matøkt – gome og lefser. |




## «Stille rom» - Obrestad fyr

**Tysdag 18. juni vart «Stille rom» i Obrestad fyr opna**

Pilegrimskomitéen for Jæren, med Anne Sofie Haarr i spissen, har i fleira år arbeida for å få eit «Stille rom». Rommet skal alltid stå ope for vandrarar langs Kongevegen og Jærkysten. Her kan ein gå inn i stilla. Berre sitte der, la tankane fare eller samle dei i ei enkel bøn til Gud.


*Anne Sofie Haarr, til venstre, har arbeidd for få eit stille rom*

Me oppmodar turvandrarar og pilegrimar til å nytte seg av dette gode tilbodet saman med vener og medvandrarar.



Det er lagt fram ei gjestebok som dei som ønskjer det, kan nytte. Guds signing over rommet og kvar den som går inn i det!

## Nokon sluttar, nye kjem



Torild Egeland Reime har fullført vikariatet som diakon i Time. Ho er no tilsett som diakon i Hå. Me takkar for flott innsats.
Me ønskjer Marit Høie Hetland velkomen tilbake i diakonstillinga etter permisjon. Ho skal fylla ein stillingsstorleik på seksti prosent. Ingelin Nordbakken er tilsett som diakon i førti prosent stilling. Me gler oss over å ha dykk med i kyrkjestaben.
Etter mange års trufast teneste har ungdomsprest Ole Tørring permisjon i eit år. Mariann Espeland er tilsett i femti prosent stilling som ungdomsarbeidarvikar. Les intervju med henne.

Jorunn Ueland og Jorunn Pettersen har begge slutta i sine stillingar i trusopplæringa. Me takkar dei begge for trufast teneste i mange år.

*Gunnar Frøyland*

## *- Er du ein ny trusopplærar?*




Me har ledig to femtiprosent-stillingar, ein i Bryne og ein i Time og Undheim. Er du ein ny trusopplærar? Eller kjenner du han eller ho som kan bli vår nye trusopplærar?

Ta kontakt og snakk med Ingfrid Time Nærland eller Bjørn Inge Hauge om stillingane.

Gje oss tips om personar me kan utfordra til ei spennande og utfordrande teneste.

# Ny visuell identitet

Bryne
Kyrkja

> "Logoen tar utgangspunkt i arkitekturen til Bryne kyrkje. Fargene er inspirert av sjatteringene i mursteinen som danner fasaden. Selve symbolet danner et kors som står for en åpen kirke for alle, og som peker ut mot Bryne sentrum."

Bryne kyrkjelyd har i seinare tid gjennomgått ein større prosess der ein har sett samla på korleis vi presenterer oss som kyrkjelyd. Resultatet er å sjå i form av ny logo, profilfargar og eit tydelig visuelt utrykk. I tillegg til all staffasjen, har prosessen auka vår bevisstheit rundt kva og kven me er.

**DEN OPNE FAMNS KYRKJE**

**Ei kyrkje for gode relasjonar, raus i sitt mangfald, tydeleg i si retning.**

Bryne
Kyrkja

Brynekyrkja ønskjer å vera den opne famn si kyrkje. Ei kyrkje for gode relasjonar. Opp i Guds famn. Inn i fellesskapet. Ut i byen og verda. Raus i mangfald om kven og kva ho skal romma, for ho skal vera open. Tydeleg i retning slik at ho ikkje bare står open med plagsam gjennomtrekk, men faktisk er ein famn som tek imot og bergar liv og gjer det rikt.

Reklamebyrået Fasett fekk oppdraget med å utforma den visuelle profilen og skriv sjølv om logoen: "Logoen tar utgangspunkt i arkitekturen (tårnet) til Bryne kyrkje. Fargene er inspirert av sjatteringene i mursteinen som danner fasaden. Selve symbolet danner et kors som står for en åpen kirke for alle, og som peker ut mot Bryne sentrum."

Sokneprest Stein Ødegård gjorde noen refleksjonar rundt logoen i si preike på gudstenesta 25. august:

*"Eg likar godt den der firkanta steinen. Er han på veg inn eller ut? Det ser ut som han er på veg innover til ein plass som passar perfekt for akkurat han. Sånn drøymer eg og staben og soknerådet at mange vil finna sin gode plass i fellesskapet her i kyrkja. Eller at den levande steinen er på veg utover til byen og verda – og slik gjer han at alle får auga på korset og forbind korset med Brynekyrkja.*
*Eg likar godt at logoen har eit uttrykk som søkjer oppover. Tårnet i kyrkja gjer det. I Brynekyrkja vil me søkja Gud, få himmel over livet og finna vår plass i Gud sitt opne fang!*
*Saman skal me vera den opne famns kyrkje. Eg er så ufatteleg glad for alle dykk som gjer Brynekyrkja til dette, som er glad i kyrkja, kjem her, finn Gud her, finn venner her, gjer det godt for andre å vera her. De veit: Me har alle alltid ein jobb å gjera for at kyrkja er akkurat slik som me lengtar etter å finna henne. Saman er me den opne famns kyrkje".*

